

**Eit eg**

Tilgje meg.

**Ei mor**

Kva?

**Eit eg**

De må tilgje meg.

**Ei syster**

Tilgje deg?

**Eit eg**

Eg forsvann i stad. For ei lita stund. Eg kørde av garde, men eg kom ikkje lenger enn nokre mil, før eg snudde. Eg tenkte: Eg kan ikkje berre reisa utan å gje dei eit ord. Men eg kjem til å forsvinna no, etter dette. Eg er her berre for å seia ha det, og så forsvinn eg.

**Ein nabo**

Kva meiner du?

**Ei enke**

Korleis forsvinna?

**Eit eg**

Forsvinna, berre. For ei tid. Koma meg vekk. Kutta banda.

**Ein nabo**

Forsvinna?

**Ei mor**

Son min snakkar til meg. Til oss. Meg og syster si.

**Ein nabo**

Orsak.

**Ei mor**

Kan de gå?

**Ein nabo**

Kva?

**Ei mor**

No med det same.

Berre gå.

**Ei enke**

Men me skal jo ...

**Ei mor**

Lat oss få vera i fred!

**Ei enke**

Men ...

**Ei mor**

Ha deg vekk! Ha dykk vekk alle saman!

**Ein farlaus**

Ja, ja, klart det. Me skal gå no, me.

**Ei mor**

Forsvinn! Forsvinn!

**EIN NABO, EI EKSKONE, EI ENKE, EIN FARLAUS og EIN ANNAN  
FARLAUS går.**

**Eit eg**

Eg må finna meg ein stad der eg ikkje er heilt meg sjølv. Eller  
der eg er meg utan alt mitt. Utan namnet mitt. Der eg berre  
er.

Eg veit ikkje. Eg må berre vekk.

**Ei mor**

Utan namnet ditt?

**Eit eg**

Berre byrja på nytt. Heilt på nytt.

**Ei mor**

Det fine namnet ditt. Dei fine namna dykkar. Som eg fann opp.  
Dei unike namna.

Aksle. Aksle.

**Eit eg**

Eg veit ikkje.

Berre byrja på nytt, på einkvan måte.

**Ei syster**

Du veit ikkje?

**Eit eg**

Nei.

**Ei syster**

Du kan ikkje sitja her og seia til meg, syster di, at du ikkje veit kvifor du vil kutta banda og finna deg ein stad der du ikkje er deg sjølv slik du er no! Om du ikkje har noko betre svar, nokre tankar om kva dette er, kva desse kjenslene kjem av, så slepper eg deg ikkje av syne før dette er over og du er deg sjølv att. Då set eg meg på deg, då klistrar eg meg til deg og følgjer kvart eit steg du tar, til du har funne det svaret.

**Ei mor**

Kva er det som har hendt?

**Eit eg**

Ikkje noko.

**Ei mor**

Du kan ikkje berre seia: Ikkje noko. Du må snakka med oss.

Med meg.

Du er barnet mitt. Det vesle barnet mitt.

**Eit eg**

Du er mor mi. Den gode mora mi.

**Ei mor**

Kva kan eg gjera?

**Eit eg**

Inkje.

Det er ikkje noko du kan gjera, mamma.

Og eg døyr ikkje. Det er ikkje ei slik forsvinning. Eg tek berre ein pause.

Eit avbrot.

**Ei syster**

Det er ikkje noko som heiter avbrot i ein familie. Mellom sysken. Eg er kjøtet ditt, blodet ditt, lekamen din! Me tek ikkje avbrot frå kvarandre.

Eg set meg på deg.

**Ei mor**

Det er ikkje noko som heiter ein pause mellom mor og son.

**Eit eg**

Eg har ofte pausar. Frå David. Frå dykk. Frå vener. Frå meg sjølv. De veit det berre ikkje. Eg veit det knapt sjølv, at det er det som skjer. Når det skjer. Men eg kjenner det att etter ei stund. No har eg hatt ein pause, tenkjer eg.

**Ei syster**

Det vert ingen slik pause no.

**Eit eg**

Det må de gje meg.

Det skuldar de meg.

**Ei mor**

Skuldar deg?

**Eit eg**

Eg kunne berre ha reist. Eg hadde reist. Eg visste at de sat her, eg køyrde forbi oppe på vegen, eg køyrde langt, men eg stogga, eg vart ståande på ein rasteplass og tenkja, eg kan ikkje berre lata dei sitja der i uvisse, tenkte eg, og eg snudde, eg kom attende for å seia ha det, for å sjå dykk ein siste gong. Ein siste gong no, på lenge.

Stilt.

**Ei mor**

Vera vekke ei stund, ei lang stund, kanskje, til du ikkje lenger har dei same kjenslene om å trekkja deg attende, koma deg vekk, sjå deg sjølv med nye auge?

**Eit eg**

Ja.

Slik. Nett slik.

Sjå meg sjølv på nytt.

**Ei syster**

Kva seier David?

**Eit eg**

Eg klarte ikkje seia det til han.

**Ei syster**

Veit han det ikkje enno?

**Eit eg**

Han ville berre prøvt å få meg på betre tankar.

Han hadde sagt: Ikkje reis. Han hadde sagt: Du må ikkje reisa frå meg. Han hadde sagt: Du må ikkje øydeleggja alt. Han hadde sagt: Om du fer no, så er eg ikkje her for deg når du kjem attende.

**Ei syster**

Men du dreg likevel? Du er villig til å setja alt over styr?

**Ei mor**

Ikkje mas på han!

**Eit eg**

Eg må berre vera ... meg ... ei stund. Berre meg.

**Ei syster**

Du må jo seia det til David!

**Eit eg**

Ja. Eg skal seia det. Eg skal melda han så fort eg har kome meg vekk.

**Ei syster**

Du må seia det med det same! Du seier det jo sjølv. Han vil få deg på betre tankar.

**Eit eg**

Kanskje den beste tanken er den ingen likar.

**Stilt.**

**Ei mor**

Du døyr ikkje.

Du døyr ikkje.

**Stilt.**

Eg er ei slik mor som gjev borna mine rom når dei treng det.

Eg har alltid vore ei slik mor.

Eg har ikkje sett grenser berre for å setja grenser.

**Stilt.**

Eg har vore ei god mor.

Det er ikkje så lett å seia det om seg sjølv, men eg seier det.

Eg har kanskje vore ei betre mor for son min enn for dotter mi, men ei god nok mor for dykk båe.

**Stilt.**

**Ei syster**

Eg er redd for deg, Aksle.

Eg er redd.

Eg kjem til å gå i redsle heilt til du kjem attende.

**Stilt.**

Er du redd?

**Eit eg**

Berre denne kjensla av at eg alltid vil vera ein annan stad enn der eg er.

**Ei mor**

Aksle ...

**Eit eg**

Om eg er ein stad, er eg der ikkje heilt. Sjølv om eg er der lenge, i vekevis, kanskje, ja, sjølv om det er der eg bur, der eg alltid er, så er eg der ikkje med heile meg.

**Ei mor**

Guten min ...

**Eit eg**

Men ein annan stad.

**Stilt.**

Med menneske òg.

**Ei mor**

Kva?



**Eit eg**

Øg saman med menneske. Når eg er med nokon, sit med nokon, gjer noko kjekt saman med ... nokon.

Folk eg likar.

Eg er der ikkje heilt.

**Ei syster**

No?

**Eit eg**

Nei, ikkje no.

Eller no, ja. Ein del av meg er alt på veg.

**Stilt.**

**Ei mor**

Berre reis.

**Ei syster**

Kva meiner du?

**Ei mor**

Han veit sjølv kva han treng.

Kven er me til å seia at han ikkje skal høyra på si eiga røyst?

Om han berre lovar meg at han er forsiktig. Om han lovar meg at han kjem attende. Om han lovar meg at han ikkje skal døy.

Lovar du meg å vera forsiktig? Lovar du å koma attende? Lovar du meg ikkje å døy?

**Eit eg**

Eg lovar ikkje å døy.

**Ei syster**

Det kan du ikkje lova.

**Eit eg**

Eg lovar ikkje å døy før eg døyr.

**Ei mor**

Ikkje for di eiga hand?

**Eit eg**

Eg lovar.

**Stilt.**

Eg vert sitjande her, eg. Ei lita stund, berre, før eg fer.

Åleine.

**Ei mor**

Ja.

Ja ...

Me går, me då?

**Eit eg**

Ja. Ja, fint.

Takk.

**Ei syster**

Eg er redd for deg.

**Ei mor**

Det kjem til å enda godt.

Det har ikkje noko med døden å gjera, dette.

**EI MOR og EI SYSTER går. EIT EG sit att åleine.****Eit eg**

Eg døyr ikkje.

Eg døyr ikkje.

**Stilt.**

Eg tenkjer ikkje: Eg skal døy.

Eg tenkjer ikkje: Eg kjem ikkje heim att.

Eg tenkjer ikkje: Eg skal aldri sjå dei meir.

**Stilt.**

Eg seier til meg sjølv: Eg vert ikkje borte.

Eg seier til meg sjølv: Det er ikkje slik det er.

**Stilt.**

Eg seier: Eg kjem attende.

Eg seier: Det er ikkje ei slik forsvinning, dette.

Eg seier: Det er ikkje ei forsvinning som ikkje endar godt.